

17.05.2011

Høge ambisjonar for Uskedalen



Kristian Bringedal held tala for dagen i Aktivitetshuset

Kva vil vi i Uskedalen fram mot 2014?

Kristian Bringedal, som heldt tala for dagen i ettermiddag, hadde mange svar på dette spørsmålet då han tok utgangspunkt i det nasjonale 200-årsjubileet og kyrkjas 100-årsjubileum om 3 år. Han forsikrar at han ikkje opererar med ein draum, men ein målsetjing når han mellom anna ser for seg dette:

- * Stadanalysen 2012 er ferdig og grunnlag for ein sentrumsutvikling.
- * Skulen er renovert
- * SPAR er utbygd og er den beste kolonialhandelen i Kvinherad.
- * HjønnEVÅG har utvikla sine produkt og vunne marked.
- * Eidsvik har funne sin nisje innan skipsvedlikehald og utrustning.

- * Eikelandet er utbygd til eit flott turistanlegg og bumiljø
 - * Børnes er rydda og utbygd.
 - * Uskedalselva er den beste fiskeelva på Vestlandet, rein for lakselus og andre miljøulemper.
 - * Ulvanåso er den største attraksjonen i kommunen - som Baroniet - med klatring og toppturar. Det er skapt ei næring i å ta gjestar opp.
 - * 3 lokale minikraftverk er i produksjon.
 - * Det er gang- og sykkelveg til Steinsletto
 - * Alle cruiseskip i Hardangrefjorden legg turen gjennom Storsund
 - * Nye byggjefelt og alternative buformar.
 - * AFA er mønsterbedrift med 100 brukarar.
 - * Møteplasen er Gamleskulen pluss kjellar og er neste opprustningsprosjekt.
 - * Folketalet er rundt 1.200
 - * Alt skrot som ikkje er ein del av drifta er borte og Uskedalen framstår med vakker innsegling
 - * Vi har fått eit nytt museum - ei traktor- og motorsamling.
 - * Det er starta utgreiing av ei krigshistorisk samling og veteransamling.
 - * Systrene Nilsen har funne sin driftsform.
 - * Bygda er sikra offentleg friområde
- For å lukkast kan vi sjå attende til Eidsvold i 1814 der dei tok kvarandre i hendene og ropte: Enige og tro inntil Dovre faller, sa Kristian Bringedal..

Tekst og foto:Ola Matti Mathisen